

Til lokallaga

Hei!

Mjølkeråen 14. februar 2014

Vi er inne i ein hektisk periode med årsmøter og mykje anna møteaktivitet.

Årsmøte i lokallaga

Eg har delteke på nokre årsmøter i lokallaga og dette er kjekt. Godt oppmøte og gode diskusjonar. Husk å fyll ut årsrapport og send til underteikna. Det er fint om de fyller ut skjemaet elektronisk og sender, eller dersom de skriv for hand, scanner og sender det elektronisk.

Årsmøtet i fylkeslaget

Innkalling vart sendt tysdag denne veka, og de finn og info på heimesida. Dersom det er fleire enn utsendingar med stemmerett som vil reisa, er desse hjartleg velkomen.

Dersom de ikkje allereide har meldt på, husk og gjer det snarast.

Årsmelding vert lagt ut på heimesida ein av dei første dagane i veka som kjem.

Vervekampanjen

Mange av dykk har verva nye medlemmer, og det er enno tid for dei som ikkje har fått gjort det.

Vi legg ved skjema som kan fyllast ut og returnerast til underteikna innan 25. februar.

Her fyller de inn dei medlemmene de har verva i perioden frå årsmøtet i HSG i fjor til 25. februar i år.

På styremøtet vårt 28. februar vil vi då plukka ut beste lokallag, og beste vervarar. Desse vert premierte på årsmøtet vårt.

Ny Giv

Møteserien «**Tjen pengar på sau!**» startar med første møte på Voss førstkomande måndag. Meir info finn de på heimesida vår <http://www.nsg.no/hordaland/>

Laurdag 15. mars vert det **Fagdag bygg i Kvam**. Her vert det m.a fleire gardsbesøk der vi får sjå ulike bygg og løysingar for sau. Vi legg ved eige skriv som de kan senda til medlemmane.

Fagtur til Island

Turen til Island vert 23-30. juli. Dei som var førehandspåmelde har fått info om bindande påmelding. Vi har og nokre som står på «venteliste».

Dersom det likevel vert ledige plassar, vert det lagt ut info om dette på heimesida.

Sauekurs til hausten

Set av helga 25-26. oktober. Då arrangerer vi sauekurs på Solstrand. Leiarmøtet vert samme stad fredag 24. oktober.

Med venleg helsing
Hordaland Sau og Geit

for styret Nils Inge Hitland